



## Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2012

Vennelaget for Lensmannsgarden fekk igangsetjingsløyve for rehabiliteringsarbeidet på løa 20. mars, og arbeidet var i gang i april. Arbeidet har gått godt, og løa vert ferdig våren 2013. 80 personar utførte om lag 2000 dugnadstimar i rehabiliteringsarbeidet i 2012.

Arbeidet vert utført i tråd med planane i Vennelaget sitt "Forslag til vidareutvikling av løa på Lensmannsgarden på Varhaug" 26.08.2008. Dette er lang tid sidan, og kalkylen på 2,87 mill. kr pluss moms måtte justerast for inflasjonen. To tilleggskrav som vart fremja av kommune og fylke i samband med godkjenning av rammeløyve kravde også ei viss justering av kalkylen.

- Opphavleg kalkyle (26.08.2008): 2,87 mill. kr. pluss moms.
  - Prisstiging: 0,32 mill. kr.
  - Auke grunna krav om isolering av ytrevegger i 1. etasje: 0,182 mill. kr.
  - Auke grunna krav om større kapasitet på ventilasjonspumpe: 0,058 mill. kr.
- Oppdatert kalkyle (2012): 3,43 mill kr. pluss moms (4,29 mill. kr. medrekna moms)

Kommunestyret i Hå vedtok, utan motseiing frå nokon av representantane, 17.12.12 å auka budsjettet for Vennelaget sitt rehabiliteringsarbeid i samsvar med oppdatert kalkyle til 3,43 mill kr pluss moms.

Vennelaget formaliserte våren 2012 samarbeidet med administrasjonen i Hå kommune når det gjaldt utarbeiding av planar og kalkyle for inventar til løa ved at administrasjonen deltok med medlemmar i Komité for innreiing og utsmykking. Ved framlegging av budsjett valde kommuneleiinga å utelata inventar til løa, men kommunestyret vedtok, også dette utan motseiing frå nokon av representantane, 17.12.12 å inkludera 800.000 kr. pluss moms til inventar til løa.

Vennelaget for Lensmannsgarden stilte med "stand" på Varhaugmarken. Dette var svært positivt, og 28 personar teikna seg som medlem i Vennelaget eller sette seg opp på liste for å gå dugnadsarbeid på løa.

SR-Bank gav i 2012 kr. 75.000 til Vennelaget til innkjøp av akustisk piano til Løestova. Me er svært glade for denne gåva og stadfestinga av arbeidet vårt som ligg i denne flotte gåva.

Rehabiliteringsarbeidet på løa nærmar seg no fullført, og me vil ynskja alle velkomne til offisielt opningsarrangement fredag 5 april kl. 18:00, og meir program laurdag ettermiddag. Me viser til eiga kunngjering om programmet for opningshelga.

Styret i Vennelaget har hatt 13 styremøte i 2012. Styret, komité for innreiing og utsmykking, dugnadskomité og byggkomitéen har, som tidlegare år, hatt mykje arbeid utanom styremøta.

Medlemstalet i Vennelaget er no 202.

For meir informasjon om Lensmannsgarden og arbeidet med løa viser me til nettsida vår; [www.lensmannsgarden.net](http://www.lensmannsgarden.net) .

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar  
Hans Vagleik Jakobsen, nestleiar  
Anny Hagesæter, sekretær  
Tom Magne Ueland, kasserar  
Solveig Aanestad, styremedlem  
Gunnar Skretting, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar  
Dag Skretting  
Jon Harald Håland  
Arnstein Skretting

Dugnadskomité:

Solveig Aanestad, leiar  
Hans Vagleik Jakobsen  
Oddbjørg Skrettingland

Komité for innreiing og utsmykking:

Anny Hagesæter, leiar  
Inger Kylllesø  
Arnstein Skretting  
Eva Watne

Valnemnd:

Svein Borgen  
Gustav M Håland  
Kari Nord-Varhaug

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden  
Kjetil Skrettingland (leiar)